



Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/480-2

## Kulturmidlar 2019 - Utviklingstiltak

### Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjøre slikt vedtak:

- 1 Det vert løyvd kr 150 000 til kunstprosjekt ORD og STED.
- 2 Løyvinga vert dekka av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
- 3 Vilkår for utbetalinga av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld tiltaket vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

### Vedlegg:

#### Andre relevante dokument i saka:

Søknad

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 til disposisjon for utvalet. Det er sett av 1,850 mill. kr som HNK kan disponere i 2019. Dette er ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur til i hovudsak kulturutviklingstiltak. Midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

Fylkesdirektøren foreslår i denne saka å nytte 150 000 kr til søknad om kulturmidlar til utviklingstiltak.

Søknaden i denne saka vert av fylkesdirektøren vurderer å ha eit utviklingsperspektiv jf. retningslinene. Der ein viser i søknaden at ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar.

### **2. Omtale av søknaden**

Aud Marit Skarrebo Holmen og Karen Helga Maurstig søker støtte til å gjennomføre ein workshop i juni 2019 som del av kunstprosjektet ORD og STED.

Gjennom prosjektet ønsker søkerane å sette fokus på Ludwig Wittgensteins relevans for samtid og samtidiskunsten, tekst og ord i biletkunst og det stadspesifikke. Søkerane meiner dette vil bli belyst gjennom seminar (del 1), workshop (del 2) og kunstnarane som vil delta. Viktige mål for prosjektet

er også å utveksle kunnskap, teknikkar og erfaringar med andre kunstnarar innanfor området tekst i bilettekunst.

Utgangspunktet for seminaret og workshopen er Wittgenstein sitt filosofiske tankegods. Kunstnarane som er invitert er spesielt opptatt av språk, ord og meiningsdanning.

Del 1: seminar i Skjolden, laurdag 27. april 2019

Føredraga denne dagen er opne for alle. Kunstnarane som deltar i workshopen sommaren 2019 følger også disse føredraga.

Søndagen 28. april:

«Wittgenstein i Skjolden», ved Harald Vatne

Rundtur for kunstnarane som skal vere med i workshopen til aktuelle stedar for plassering av stadspesifikke verk.

Del 2: workshop i Luster (7. – 22. juni 2019):

Berre for dei inviterte kunstnarane: Arne Rygg (No), Ellakajsa Nordström (Sv), Pia Sandströms (Sv), Kurt Johannessen (No), Kristina D Aas (No), Lise Haurum (Dk), Karen Helga Maurstig (No) og Aud Marit Skarrebo Holmen (No).

Workshopen vil starte med masterclass ved Frans Jacobi. Vidare vil kunstnarane arbeide i grupper eller enkeltvis med temporære, stadspesifikke kunstverk.

Søkjane samarbeider med Stiftinga Wittgenstein i Skjolden om planlegging og gjennomføring av kunstprosjektet. 21. juni vil kunsthistorikar Silje Heggren formidle verka i samband med gjenopninga av Wittgensteinhuset i Skjolden. Det vil bli utarbeidd ein katalog i etterkant av prosjektet.

Prosjektet har fått støtte frå Fritt Ord, Norsk kulturråd og Luster kommune. Støtta frå Fritt Ord og Luster kommune er øyremarka seminaret i april 2019. Seminaret er fullfinansiert.

I 2018 vart prosjektet tildelt 35 000 kr i utviklingsmidlar frå fylkeskommunen.

Søkjane søker Eckbos legat, LOK (Lokalsamfunnsordninga i KORO) og Vederlagsfondet i 2019.

Gjennomføring av workshopen har eit budsjett på 502 325 kr. Søkjane søker fylkeskommunen om 200 000 kr.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesdirektøren vurderer søknaden som eit utviklingstiltak. Midlane det vert søkt om skal nyttast til å gjennomføre eit prosjekt som fekk forprosjektmidlar frå fylkeskommunen i 2018.

Prosjektet er ein del av ytringskulturen der slike tilbod sjeldan vert initiert i Sogn og Fjordane. Tiltaket korresponderer med Regional plan for kultur 2019 – 2027 gjennom at ein i Sogn og Fjordane ønskjer å arbeide for profesjonell kunst i offentlege rom. Planen framhevar også at ein ønskjer at det skal vere attraktivt for kunstnarar å bu og arbeide i fylket. Prosjektet det blir søkt støtte til er eit tiltak som gir kunstnarar som bur og arbeider i Sogn og Fjordane moglegheit til å arbeide i fylket og utvikle seg vidare i eit internasjonalt miljø. Fylkesdirektøren tilrår difor midlar til gjennomføring av prosjektet.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til løyving som vist i framleggget til vedtak.